

Moderniseringsdep.
Postboks 8004 dep
0030 OSLO

MODERNISERINGSDEPARTEMENTET	
ARKIVKODE	45
08 JULI 2005	
SAKSB.	
SAKSNR.	200501325-192

Etne, 01.07.2005

Dykkar ref.:
200404123

Vår ref.:
2005000527/2005003043

Arkiv:
N-038.02

Sakshandsamar:
BIH

HØRINGSBREV - ENDRINGER I REGELVERKET FOR OFFENTLIGE ANSKAFFELSER

Etne kommune er med i Innkjøpsamarbeidet på Haugalandet (eit innkjøpsamarbeid mellom 8 Rogaland- og 2 Hordalandkommunar). I dei seinare åra har dette innkjøpsamarbeidet hatt eit nært samarbeid med Forum for innkjøp i Sunnhordland (eit samarbeid av 5 Hordalandskommunar).

Desse 15 kommunane har til saman ca 155.000 innbyggjarar og står for store innkjøp.

Etne kommune har stor nytte av dette samarbeidet, men ønskjer som mange andre, utbydarar som tilbydarar, at regelverket for offentlege anskaffelser må forenklast.

Målet ved forenklinga må vera å minske arbeidet for utbydar, og gi leverandørane mulighet til å være innovativ - nyskapande og stimulere til å gi tilbud - skape positiv motivasjon. I små distriktkommunar som Etne er det vidare viktig å ha eit regelverk som opnar for at mindre leverandørar kan vere med å konkurrera om oppdraga (regelverket må ikkje vere for detaljert og vanskeleg å setje seg inn i, og oppdragsgjevar må kunne opne for at leverandørane kan kome med anbud t.d. retta mot nokre av kommunane i eit innkjøpsamarbeid eller på deler av sortimentet i konkurransen).

Utgangspunktet for arbeidet med revidering av regelverket er, i følge høyringsdokumenta, ei tilpassing til EU sine innkjøpsdirektiv. Vidare er det eit mål å forenkle regelverket og gjere det lettare tilgjengeleg for brukarane og sikre effektiv ressursbruk gjennom auka konkurranse om offentlege innkjøp.

Etne kommune vil kommentere følgjande endringsforslag i høyringa:

- 1) HEVING AV NASJONAL TERSKELVERDI FRÅ kr. 200.000 til kr 500.000.

Heving av nasjonal terskelverdi frå kr 200.000 til kr. 500.000 er i samsvar med uttalar frå både offentlege instansar, leverandørar og i evalueringa frå Asplan Viak. Forslaget er såleis eit steg i rett retning.

Det må vurderast om terskelverdien kan aukast ytterlegare og om det er behov for nasjonale særreglar for innkjøp. Dette må ein likevel vurdere opp mot dei grunnleggjande krava til alle innkjøp (jf. Off.innkj.l. § 5) og faren for redusert tilgjenge for t.d. leverandørane grunna



særreglar i dei ulike kommunane for kjøp under terskelverdien. Vidare er det viktig at ikkje ein ytterlegare auke av grensa vert erstatta av nye reglar (jf. punkta nedanfor).

Etne kommune meiner:

Det er positivt at den nasjonale terskelverdien vert auka frå kr 200.000 til kr. 500.000, og det må vurderast om han kan aukast ytterlegare.

2) PROTOKOLLPLIKT VED ALLE KJØP OVER KR 50.000

Forslaget om auka nasjonal terskelverdi vert følgt opp med forslag om protokollplikt for innkjøp over kr. 50.000,-. I gjeldande regelverk følgjer krav om anskaffelsesprotokoll nasjonal terskelverdi på kr 200.000. Forslag om å setje protokollplikta ned til kr. 50.000 bryter, etter vårt skjønn, intensjonane om forenkling og kan gi ein motsatt verknad til oppbygging av meir byråkrati – meirarbeid - meirkostnad.

Etne kommune meiner:

Protokollplikta må følgje nasjonal terskelverdi

3) KUNNGJERINGSPLIKT UNDER NASJONAL TERSKELVERDI

Spørsmålet om kunngjeringsplikt under nasjonal terskelverdi vert drøfta i notatet. Det vert ikkje gjort framlegg om å innføre dette, og grunngjevinga er at forenkling av regelverket er ei viktig målsetting for departementet. Dette er me samde i.

Etne kommune meiner:

Det må ikkje innførast kunngjeringsplikt under nasjonal terskelverdi.

4) SANKSJONAR – INNFØRING AV OVERTREDELSESGEBYR MOT ULOVLIGE DIREKTE ANSKAFFELSER - HANDHEVINGSORGAN:

Forslag om innføring av sanksjonar ved ilegging av overtredelsesgebyr for å sikre at det offentlege gjer betre innkjøp. Det er grunn til å tru at dette vil bli tidkrevjande, at det vil kunne føre til utilsikta omdisponeringar av offentlege midlar og totalt gi auka kostnader for kommunane. Departementet trur likevel at dette på sikt vil bidra til reduksjon i kostnadene etterkvart som omfanget av ulovlege direkte anskaffelser vert redusert. Dette forslaget må vurderast grundig og ein må sjå det opp i mot forslaga omtala nedanfor.

Mynde til å illegge gebyr er foreslått lagt til KOFA (klageorganet for offentlige anskaffelser). KOFA har til nå vært rådgjevande i tvistesaker, og må framleis vere eit upartisk organ. I den grad me har behov for etterforsking – domsrettergang er det politimyndigheit – domstolane som tek seg av dette. Me ønskjer ikkje eit nytt organ, KOFA, med fullmakt til å utsteda gebyr.

Etne kommune meiner:

Primært kan innføring av overtredelsesgebyr føre til auka byråkrati og auka kostnader og strir mot målsetjinga om forenkling. Sekundært bør ikkje slik mynde bli lagt til KOFA då dei vil få ei dobbeltrolle.

–

5) KLAGER PÅ ULOVLEGE DIREKTE ANSKAFFELSER

Pr i kan einkvar som har sakleg interesse i å få vurdert det lovmessige ved anskaffelsen (leverandørane) klage. Forslaget går på å utvide dette til "einkvar" for at t.d. ein politiskar eller ein kommunetilsett (som får kjennskap til regelbrudd) skal kunne klage saka inn for KOFA. Intensjonen er at dette skal bidra til avdekking av fleire ulovlege direkte anskaffelser. Dette er, etter vår meining, ei urimeleg utviding av kven som kan klage, er i strid med vanleg klagerett og vil kunne føre til auka byråkrati.

Etne kommune meiner:

Retten til å klage må ikkje utvidast til andre enn dei som har sakleg interesse.

6) DET SKAL IKKJE LENGER KREVJAST GEBYR FOR KLAGER PÅ ULOVLEGE DIREKTE ANSKAFFELSER

Gebyret for klage til KOFA er i dag kr. 855,-, eit svært beskjeden beløp.

Ved å fjerne dette gebyret og samstundes opne for alles rett til å klage, utan å vera direkte part i saka, skaper me eit system kor systemet sjølv oppfordrar til klager utifrå forskjellige agenda. Forslaget kan skape eit stort byråkrati. Det mest alvorlige er likevel at dette kan få direkte uheldige verknader mot våre seriøse leverandørar og fjerna deira merksemd og interesse bort frå offentlig anbodsgiving.

Utvida klagetilgang kan også bli meir sårbar for lekkasjar av interne bedriftshemmeligheter og slik tilbakehalde tilbod frå gode leverandørar.

Klage må skje frå direkte part i saka kor nøytral instans vurderer om det er tatt rett avgjerd etter lov - forskrift – anbodsdokument.

Klagars oppfatning av feilbehandling må vera så sterk at denne er villig til å betale gebyr for å få saka etterprøvd.

For å skape tillit til lov/forskrifter – forenkle systemet – avgrense talet på klager til dei som er reelle, føreslår me at gebyret blir betydeleg høgare enn dagens gebyr, anslagsvis kr 20.000.

Formålet med dette er å skilje mellom reelle og spekulative klager.

For klager som får medhald i KOFA blir innbetalt gebyr refundert.

Etne kommune meiner:

Klagegebyr til KOFA blir satt opp frå kr 855,- (i dag) til kr 20.000-. Klagar som får medhald i KOFA får innbetalt gebyr refundert.

7) ELEKTRONISKE OG SKRIFTELEGE ANSKAFFELSER SKAL LIKESTILLES (NETTKJØP)

Det er endringar i EU's direktiv me skal tilpasse lov/forskrifter. Ei av hovudpunkta i det nye EU-direktivet er nettopp at elektroniske innkjøpsprosessar sidestilles med tradisjonelle metodar for anskaffelse.

Det er ikkje nokon tvil om at dette er ein del av framtida som me må opne - forhalde oss til. Kor vidt me i Noreg i dag har eit lovverk – forskrift som gir opning for dette stilles spørsmål ved. Dette må i alle høve vere på plass før endringa blir sett i verk.

Etne kommune meiner:

Elektroniske og skriftelege anskaffelser må likestilles så snart lover og forskrifter ligg til rette for dette.

–

8) MEIR PEDAGOGISK OPPBYGGING AV FORSKRIFTA, GENERELL FORENKLING AV REGLANE OG KRAV TIL UNIVERSELL UTFORMING FOR Å GI AUKA TILGJENGE FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Intensjonane i desse punkta er god. Som omtalt ovanfor må ikkje forenkling ein stad føre til innføring av nye påbud, meir arbeid og auka kostnader for utbydarane andre stader. Målsetjinga for regelverket er m.a. å få meir att av offentlege ressursar gjennom auka konkurranse. Bli etterlevinga av regelverket for tidkrevjande å setje seg inn i og omsette i praksis, kan vinninga lett gå opp i spinninga.

Etne kommune meiner:

Kommunen ser med bekymring på utviklinga i regelverket knytt til offentlege innkjøp då dette set store krav til både små og større kommunar om å sette seg inn i, halde seg oppdatert i og etterleve det heile.


Me vil oppmode Moderniseringsdepartementet til å vurdere ytterlegare forenklingar i lov og forskrift, og at forenklingar må kunne gjennomførast utan at det vert følgt opp med nye og omfattande krav og sanksjonar.

9) OPPSUMMERING:

Etne kommune meiner:

1. Det er positivt at den nasjonale terskelverdien vert auka frå kr 200.000 til kr. 500.000, og det må vurderast om han kan aukast ytterlegare.
2. Protokollplikta må følgje nasjonal terskelverdi
3. Det må ikkje innførast kunngjeringsplikt under nasjonal terskelverdi.
4. Primært kan innføring av overtredelsesgebyr føre til auka byråkrati og auka kostnader og strir mot målsetjinga om forenkling. Sekundært bør ikkje slik mynde bli lagt til KOFA då dei vil få ei dobbeltrolle.
5. Retten til å klage må ikkje utvidast til andre enn dei som har sakleg interesse.
6. Klagegebyr til KOFA blir satt opp frå kr 855,- (i dag) til kr 20.000-. Klagar som får medhald i KOFA får innbetalt gebyr refundert.
7. Elektroniske og skriftlege anskaffelser må likestilles så snart lover og forskrifter ligg til rette for dette.
8. Kommunen ser med bekymring på utviklinga i regelverket knytt til offentlege innkjøp då dette set store krav til både små og større kommunar om å sette seg inn i, halde seg oppdatert i og etterleve det heile.
Me vil oppmode Moderniseringsdepartementet til å vurdere ytterlegare forenklingar i lov og forskrift, og at forenklingar må kunne gjennomførast utan at det vert følgt opp med nye og omfattande krav og sanksjonar.

Med helsing


Elling Hétland
Rådmann

Berit Irene Rotvoll Haaland
Rådgjevar økonomi og innkjøp